



HANDGIVING - INDUSTRI- OG NÆRINGSTOMTER, SAUNESMARKA.

1. Søknad om handgiving av tomteareal skal skrivast på fastsett skjema. Søkar må legge ved situasjonskart med vist ønska areal og kort informere om arealbehov, planlagt type verksemd og utnytting av tomta.
2. Tomteareal blir - etter søknad - handgitt (reservert/gitt opsjon på) med administrativt vedtak ved kommunedirektøren, eller den kommunedirektøren delegerer mynde til.
3. Arrondering av ønska tomteareal, med førebels stipulering av storleik på tomta og plassering innanfor dei regulerte tomteområda, blir avgjort i handgivingvedtaket.
4. Industritomter blir i delegert vedtak handgitt til søkar i 6 mnd., utan økonomiske bindingar eller krav om kjøp av tomt.
5. Det er høve til forlenga handgiving med 6 mnd. om gongen, totalt inntil 2 nye år, etter grunngitt søknad. Maksimal samla handgivingstid er dermed 2 år og 6 mnd. ved delegerte vedtak. Lengre handgivingstid enn dette krev politisk behandling i formannskapet.
6. Kommunen reknar ein handgitt tomteparsell som ledig dersom det ikkje er søkt skriftleg om forlenga handgiving eller tildeling av tomta før gitt tidsfrist for handgivinga av tomta går ut.
7. Dersom fleire søker om handgiving av heile eller delar av det same tomtearealet samtidig, dvs. at kommunen har mottatt søknadene same dag, avgjer Ulstein formannskap kven som kan prioriterast og for kva tomteareal. Avgjersla kan baserast på søknad, informasjon om verksemda og planar for bruk og utnytting av tomta.
8. Dersom nokon søker om *tildeling* av ei handgitt tomt, får den som har tomta handgitt 4 veker på seg til å sjølv søke om tildeling av tomta, og gjennomføre tomtekjøpet på vanleg måte.
9. Saker som administrasjonen vurderer som prinsipielle, blir lagt fram for Ulstein formannskap for politisk behandling og vedtak.
10. Klageorgan for delegerte administrative vedtak er Ulstein formannskap.
11. Klageorgan for vedtak i Ulstein formannskap er Ulstein kommunestyre. Vedtak i Ulstein kommunestyre er endeleg og kan ikkje påklagast vidare.

Ulsteinvik, 29.02.2024

Godkjent av Ulstein kommunestyre, vedtak 27/24, møte 21.03.2024.